
Fra: Linda Røyseth Sandhåland <linda.royseth@online.no>
Sendt: lørdag 11. august 2018 19:17
Til: Bente Kopperdal Hervik
Emne: Søknad om støtte til kurs om lokal barnesongtradisjon; Syng saman
Vedlegg: Prosjektskildring, Syng saman.pdf; Budsjett barnesongkurs Radøy.docx; Tilbod om kurs, Syng saman .pdf

Til rådgjevar kultur Bente Kopperdal Hervik,

I Nordhordland har me ein rik lokal barnesongtradisjon. Frå 1995 og framover 2000-talet vart det gjort innsamling og formidling av denne barnesongtradisjonen mellom anna gjennom kurs og konserter i barnehagar og skular i regionen. Dei siste åra har ikkje dette arbeidet vorte halde vedlike og me ser at det veks til ein generasjon som ikkje lenger har kjennskap til denne lokale kulturarva.

Me treng fleire som kan ta del i arbeidet med å overføra kunnskap om vår lokale barnesongtradisjon til seinare generasjonar. Underteikna ynskjer derfor å setja i gong eit prosjekt i Nordhordland der me kursar barnehagelærarar, lærarar på småtrinnet, småbarnsforeldre, besteforeldre og andre med interesse for lokal barnesongtradisjon, slik at dei kan ta i bruk denne songtradisjonen i si yrkesutøving og i sin kvardag. Me tenkjer den lokale barnesongtradisjonen er ein viktig del av vårt kulturelle mangfald og vår kulturforståing. Den gjev kunnskap og inviterer til refleksjon kring fortid og notid, er viktig som grunnlag for utvikling av vår identitet og har estetisk eigenverdi.

Då me veit at det er trонge budsjett både i barnehage- og skulesektoren ser me for oss at deltakaravgifta vert sett så lågt som mogleg og søker om offentleg støtte til å få gjennomført prosjektet. Me viser til vedlagt prosjektskildring, budsjett og tilbodsbrev.

Me vonar at Radøy kommune har høve til å tilgodesjå midlar til kurset og me søker med dette om 10 000 kr til dette.

Ta kontakt dersom det skulle vera spørsmål.

Med venleg helsing

Linda Røyseth Sandhåland /s/

Kjersti Wiik /s/

Kopi til:

- Ordførar Jon Askeland
- Kommunalsjef oppvekst, Olaf Hella

Kontaktopplysningar:

Linda Røyseth Sandhåland
Skurtveitvegen 66
5917 ROSSLAND
E-post: linda.royseth@online.no
post@kjerstiwiik.no
Mobil: 952 07 796
Org.nr: 997 904 052
Kontonr: 3633.33.26722.

Kjersti Wiik
Littlevika 42
5914 ISDALSTØ
E-post:
Mobil: 926 63 920
Org.nr: 875 986 732